



Elevhefte

2016/2017



INNHALD:

OM ELEVHEFTET	2
ADRESSER OG TELEFONNUMMER:	3
KVITSUNDPERSONALET 2016/2017:	4
DAGSORDEN:	5
MÅL OG REGLAR FOR SKULE OG INTERNAT:	6
IDEAL:	7
ORDENSREGLEMENT FOR SKULEN:	8
ORDENSREGLEMENT FOR INTERNATET:	12
UNNGÅ BRANN OG SKADE!	18
ORDEN OG REINHALD:	19
DATA, BIBLIOTEK, TRENINGSROM, RÅDGJEVING:	20
ØKONOMI:	21
TA MED TIL KVITSUND:	22
SKULERUTE FOR 2016/2017	23

OM ELEVHEFTET

Dette elevheftet inneheld viktig informasjon som alle elevane må lesa, og føresette bør lesa.

I tillegg blir det lagt ut andre viktige dokument for elevane på den digitale læringsplattforma som skulen har på Internett (Fronter). Alle elevane får tilgang til Fronter ved skulestart. I rommet «Info til alle» under «arkiv» finn du aktuelle dokument som t.d. *boklister, eksamensreglement, karakterar og klagerett, reglar for merknader i orden og åtferd, handlingsplan mot mobbing, inntaksreglement og skulerute.*

Kvitsund Gymnas bruker "mobilscole" til å sende ut sms til einskildelevar, grupper, klasser, internat, eller føresette. Ordninga erstattar ikkje annan kommunikasjon som brev og e-post, men er eit godt alternativ for korte beskjeder.

Meldingar til skulen frå elevar eller føresette, kan sendast til mobilnummer (sjå neste side), eller ved å skrive sms **KVITSUND (klasse) (tekst)** til **03686**

ADRESSER OG TELEFONNUMMER

Postadresse: Kvitsund Gymnas, Jakob Naadlands veg 2, 3850 Kviteseid
Bankgiro for elevbetaling: 8220 02 92797
Bankgiro (gåver o.l.): 8220 02 90441
Organisasjonsnummer.: 988 982 857
Heimeside på internett: www.kvitsund.vgs.no
E-post: admin@kvitsund.vgs.no

Telefon til skulen: **35 06 87 00**
Sentralbord: Betjent på kvardager kl 08.00-15.30

Telefon til nøkkelpersonar:

Tilsynsvakt (kl 15.30-08.00 og heile skulefrie dagar)		40 67 11 04
Vaktmeistervakt		40 67 11 10
Kvalbein, Magnus, rektor		90 53 33 41
Løite, Karianne, administrasjonsleiar		93 69 91 14
Aabø, Lisbeth Farmen, assisterande rektor		91 87 30 28
Johansen, Tove Fjellgaard, sosialpedagogisk rådgjevar	35 06 87 05	40 67 11 08
Bentsen, Ellen, internatleiar	35 06 87 05	40 67 11 03
Kvamme, Øystein, driftsleiar	35 06 87 03	40 67 11 10
Kjøkken/ Kjøkkenleiar	35 06 87 04	92 66 90 87

Nødtelefonar:

Brannvesen	110
Politi	112
Sjukebil	113

Andre viktige telefonar:

Politi	02800
Legevakt	116117
Legekontor i Kviteseid	35 06 82 50

KVITSUNDPERSONALET 2016/2017

Administrasjonspersonalet:

Kvalbein, Magnus	Rektor
Aabø, Lisbeth Farmen	Assisterande Rektor, underviser i matematikk
Løite, Karianne	Administrasjonsleiar
Bentsen, Ellen	Internatleiar
Myklebust, Siri	Områdearbeider
Karlsen, Niklas	HMS-ansvarleg, IKT, vitnemålsansvar, underviser i fysikk
Hægeland, Åsbjørg	Rådgjevar, underviser i matematikk
Johansen, Tove Fjellgaard	Sosialpedagogisk rådgjevar, underviser i norsk, og spesialundervisning.
Salmelid, Kristen	Lønns- og rekneskapsmedarbeidar
Fidjeland, Svanhild	Bibliotekar

Undervisingspersonalet:

Bugge, Kirsten Ugland	underviser i norsk, matematikk og spesialundervisning
Engeland, Ingri Elise	underviser i spansk
Gautefald, Herman Werne	underviser i fysikk, matematikk og naturfag
Grutle, Nils Arne	underviser i naturfag, medie- og informasjonskunnskap, biologi og geografi
Hægeland, Oddvar	underviser i norsk og religion
Kiserud, Torstein	underviser i entreprenørskap
Jore, Inge Håvard	underviser i kjemi og matematikk
Leland, Kjersti Ofte	underviser i norsk og spansk
Leland, Leif	underviser i kristendom, kroppsøving og samfunnsfag
Lund, Anne Margrete	underviser i engelsk
Moore, Hamish	underviser i kroppsøving og breiddeidrett. Sosiallærer
Nødland, Kurt	underviser i spansk og tysk
Rannestad, Amund	underviser i historie og kristendom
Ravdal, Hege	underviser i engelsk, sosiologi og geografi
Smenes, Ellen	underviser i matematikk og entreprenørskap
Solvang, Sigrun Lønning	underviser i sosialkunnskap, sosilologi, religion og historie
Sørbø, Dag Henning Liodden	underviser i informasjonsteknologi

Servicepersonalet:

Brækken, Iver Mathias	Eittåring/miljøarbeidar
Ekre, Johannes	Eittåring/miljøarbeidar
Eriksen, Jarle Holst	Hushaldsassistent
Flaa, Øystein	Vaktmeister og miljøarbeidar
Ivanis, Joka	Kokk/hushaldsassistent
Jamtveit, Marianne	Kjøkenleiar
Klausen, Karen Margrethe	Reinhaldsleiar, natt-tilsyn og skulesekretær
Kvamme, Øystein	Driftsleiar
Kyrvestad, Rolv Olav H	Kokk
Midtbø, Signe Marie	Hushaldsassistent
Miranda, Jose Luis Loaiza	Reinhaldar
Miskovic, Zeljko	Vaktmeister
Nagy, Autumn	Hushaldsassistent
Nagy, Christian	Vaktmeister
Nødland, Reidun	koordinering praktisk del av kristendomsfaget
Rosland, Gretha	Hushaldsassistent
Saadat, Gul Gothay	Hushaldsassistent
Saadat, Shamsul Rahman	Vaktmeister
Torres-Blanco, Esperanza	Reinhaldar
Vegge, Ida Sofie	Miljøarbeidar/eittåring

DAGSORDEN

Måndag - fredag:

07.45 – 08.30 Frukost

08.30 – 15.30 Skuledag Tirsdag og fredag til 14.00 (av og til klassens time 14.10-15.30)

15.30 Middag

19.30 Kveldsmat

23.00 Innetid og nattero, elevane skal vera på rommet sitt.

(01.00 fredag, og andre dagar utan når det er skuledag dagen etter)

Skuledagen:

Måndag, onsdag og torsdag

08.30 – 10.00 **Undervisingsøkt 1**

10.00 - 10.15 Informasjon og andakt

10.20 – 11.50 **Undervisingsøkt 2**

11.50 – 12.20 Lunsj (niste)

12.20 – 13.50 **Undervisingsøkt 3**

14.00 – 15.30 **Undervisingsøkt 4**

Tysdag

08.30 – 10.00 **Undervisingsøkt 1**

10.00 – 10.15 Informasjon og andakt

10.20 – 11.50 **Undervisingsøkt 2**

11.50 – 12.20 Lunsj (niste)

12.20 – 13.50 **Undervisingsøkt 3**

14.00 – 15.30 Møtetid for lærarar og klassens time ca tre gonger i kvar termin

Fredag

08.30 – 10.00 **Undervisingsøkt 1**

10.00 – 10.15 Informasjon og andakt

10.10 – 11.40 **Undervisingsøkt 2**

11.40 – 12.20 Lunsj (niste)

12.20 – 13.50 **Undervisingsøkt 3**

14.10 - 16.00 Møtetid for lærarar

Laurdag:

10.00 – 10.30 Frukost

14.00 – 14.30 Middag

18.00 – 18.30 Kveldsmat

21.30 Kveldskos (enkel mat)

01.00 Innetid og nattero, elevane skal vera på egen fløy.

Sundag:

10.00 – 10.30 Frukost

14.00 – 14.30 Middag

16.30 – 17.00 Kaffi

19.30 – 20.00 Kveldsmat

20.00 Kveldsmøte

23.00 Innetid og nattero, elevane skal vera på rommet sitt.

MÅL OG REGLAR FOR SKULE OG INTERNAT

Målsetjing

Vedtektene for Kvitsund Gymnas seier i § 3:

«Kvitsund Gymnas byggjer verksemda si på den kristne trua, slik ho er uttrykt i Den heilage skrifta, vedkjenninga til Den evangelisk-lutherske kyrkja og grunnreglane til Norsk Luthersk Misjonssamband.

Skulen skal gje ungdom undervising som set dei i stand til å ta i bruk evner og anlegg til beste for medmenneska sine. Undervisninga skal vere i samsvar med gjeldande lover og planar og byggje på eit kristent livssyn, og ho skal føre fram til offentleg godkjend eksamen. Skulen skal òg forkynne evangeliet om Jesus Kristus og utfordre til levande kristenliv og misjonsengasjement.»

Generelle prinsipp ved Kvitsund Gymnas

1. Kvitsund Gymnas er ein vidaregåande skule som byggjer på kristen grunn. Åtferda til elevane skal vera i samsvar med kristen etikk og norsk lov.
2. Som privatskule har Kvitsund Gymnas heile landet som inntaksområde. Skulen er open for alle søkjarar som fyller vilkåra og krava for inntak i tilsvarande offentlege skular.
3. Kvitsund Gymnas tilbyr elevane internatplass. Hovudregelen er at elevar som ikkje kjem frå Kviteseid får plass i internatet.
4. Skulen gjev eit tilbod om opplæring og oppseding, og ein legg vinn på vilje til samarbeid og innsats for å skape trivsel mellom elevane og personalet. Vi ønskjer eit miljø prega av nestekjærleik, respekt og omsorg. Dette tyder ikkje at kvar og ein kan innrette seg som ein vil. Som i storsamfunnet gjeld det òg i eit skulesamfunn at vi må ha felles reglar som ramme.
5. Det er uråd å laga eit reglement som dekkjer alle høve og situasjonar ved ein skule. Dette er heller ikkje ønskjeleg. Vi ventar likevel at kvar einskild viser høvisk framferd, også i dei tilfella då reglementet ikkje seier noko.

IDEAL

- utgangspunkt for sosial åtferd og utvikling i Kvitsundmiljøet

Vi ynskjer at Kvitsundmiljøet skal vere prega av haldningar, verdiar og etikk som byggjer på kristen grunn.

1. Inkludering

Vi inkluderer kvarandre i fellesskap.

Vi skaper positiv stemning og opplevingar og gir kvarandre positiv støtte.

2. Ansvar for miljøet

Vi tar ansvar for å prege samfunnet rundt oss slik at vi blir til nytte og glede for dei andre.

Vi jobbar saman for å skape godt læringsmiljø og internatmiljø.

3. Omsyn og respekt overfor dei andre

Vi viser omsyn overfor dei andre sine behov og ynskje.

Vi respekterer dei andre sine grenser og eigedom.

Vi møter kvarandre med tillit.

Vi kan vere lojale overfor kvarandre og overfor fellesordningar sjølv om vi er ueinige.

4. Prioritering av ynske og behov

Vi kan gi fellesskapet høgare prioritet enn individuelle behov og ynske.

Ved å utsetje tilfredsstilling av behov modnast vi.

Vi kan òg gi langsiktige konsekvensar av åtferda vår høgare prioritet enn kortsiktige konsekvensar.

5. Tydeleg kommunikasjon

Vi kommuniserer tydeleg og tar kvarandre på alvor.

Vi legg vekt på å vere opne og ærlege.

Vi lyttar til kvarandre og prøver å forstå kvarandre.

Ideala er utarbeidde av elevar ved Kvitsund Gymnas.

ORDENSREGLEMENT FOR KVITSUND GYMNAS AS

Kvitsund Gymnas AS er ein friskule med godkjenning etter friskolelova §3-9 og §5-2 og er vedteken av skulen sitt styre 08.06.2016.

§1 Formål

Ordensreglementet skal bidra til eit godt samarbeid, god trivsel, respekt og medansvar. Reglane skal fremme god orden og gode arbeidsvanar og legge til rette for eit godt læringsmiljø og læringsutbytte. Kristen etikk ligg som eit grunnlag for liv og arbeid i skulen.

§ 2 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for alle elevane ved skulen. Reglementet gjeld på skulen sitt område, i skulen sitt nærrområde, i skuletida, på ekskursjonar, skuleturar og ved arrangement i skulen sin regi. Reglementet gjeld òg andre forhold som har ein klar samanheng med skulegangen. Skulen har eige ordensreglement for internatet.

§ 3 Skulen sitt ansvar

Kvitsund Gymnas AS skal:

- Behandle alle elevane høfleg og med respekt og omtanke
- Vere med på å skape eit trygt og godt læringsmiljø
- Gje elevane rett til vidaregåande opplæring etter friskolelova med forskrifter og gjeldande læreplanar

§ 4 Orden

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:

- Vere tilstade i opplæringa
- Følgje skulen sine reglar for melding av fråvær
- Møte presis og førebudd på skulen og til undervisninga
- Ha med nødvendig læremiddel og utstyr
- Gjere skulearbeid så godt ein kan, levere til rett tid og overhalde fristar
- Halde skulesakene i orden

§ 5 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- Behandle medelevar, tilsette og andre som elevane møter i skulekvardagen med respekt
- Bidra til eit godt læringsmiljø
- Rydde opp etter seg i klasserom, uteområde, matsal og andre fellesområde
- Ta godt vare på skulen sine eigedelar
- Rette seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- Vise nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av mobiltelefonar, datautstyr og digitalt utstyr

Åtferd som ikkje vert akseptert:

- Å mobbe
- Å utøve vald eller true med fysisk og/eller psykisk vald
- Å bruke tobakksprodukt eller e-sigarettar
- Å bruke eller behandle rusmiddel og/eller dopingmiddel eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- Å ha farlege gjenstandar eller våpen
- Å levere eller presentere som eige produkt: tekstar, løysning på oppgåver og liknande som er produsert av andre eller lasta ned frå Internett
- Å fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar

§ 6 Fråvær

§6.1 Generelt

Elevane skal vere tilstade i undervisninga under opplæringa dersom ikkje anna er avtala med skulen.

Utgangspunktet for fråværsreglane er Forskrift til friskolelova §4.

Skulen registrerer fråvær i dagar og timar. Oppmøte inntil 15 minutt etter at økta startar, blir registrert som forseintkoming. Oppmøte 15 minutt etter at økta startar, blir ført som fråvær.

Vi deler inn fråvær i fire typar:

- a) **Dokumentert fråvær:** fråvær som er dokumentert av lege, helsesyster, fysioterapeut, tannlege, psykolog, politisk organisasjon eller offentlig innkalling
- b) **Meldt fråvær:** fråvær som er meldt internatleiar eller kontaktlærar, men som ikkje er dokumentert som i pkt. a. Ved sjukdom skal eleven melde internatleiar innan kl 08.30. Ved anna fråvær skal eleven melde kontaktlærar på eige skjema seinast dagen før fråværet. Sjå og §6.2 for fråværsgrense på 10%
- c) **Ugyldig fråvær:** fråvær som ikkje er meldt som i pkt. b eller dokumentert som i pkt. a. Ugyldig fråvær fører til merknader på orden
- d) **Særfråvær:** fråvær som ikkje blir ført på vitnemålet. Slikt fråvær må vere godkjent ut i frå bestemte reglar jf. forskrift til friskolelova §3-46 5. ledd bokstav a-f og 8. ledd

Elevar kan søkje om alternativ undervisning. Alternativ undervisning skal vere i samsvar med læreplanane. Frist for å søkje om alternativ undervisning er ei veke, rekna frå fyrste dag med alternativ undervisning. Søknaden skal sendast til rektor som avgjer om eleven får alternativ undervisning. Alternativ undervisning teller ikkje som fråvær.

§6.2 Fråværsgrense 10%

Elevar som har eit fråvær på meir enn 10 prosent av timane i eit fag, får ikkje halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget jf. forskrift til friskolelova §3-3 siste ledd.

Eleven kan likevel få halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter om fråværet grunnar i:

- Helse og velferdsgrunnar. Fråvær av helsegrunnar må vere dokumentert. Dokumentasjon skal koma frå lege eller frå annan sakkunnig som t.d. helsesyster, fysioterapeut, tannlege, PPT, psykolog (og BUP). Velferdsgrunnar som f.eks. gravferd må dokumenterast av føresette
- Arbeid som tillitsvald. Fråværet må dokumenterast av organisasjonen

- Politisk arbeid. Fråværet må dokumenterast av politisk organisasjon
- Hjelpearbeid. Fråværet må dokumenterast av hjelpeorganisasjon
- Lovpålagt oppmøte. Fråværet må dokumenterast med innkalling
- Representasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Fråværet må dokumenterast med innkalling

Eleven og føresette har i følge forskrift til friskolelova §3-7 rett til varsel dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter i eitt eller fleire fag. Elevar og føresette til elevar under 18 år har i høve til forskrift til friskolelova §5.1-§5.7 rett til å klage på standpunktkarakter og avgjerda om å ikkje setje standpunktkarakter.

Alle elevar har rett til vurdering, uavhengig av om dei har mista retten til halvårskarakter eller standpunktkarakter. Dei har rett til å delta i opplæringa og rett til å få undervegsvurdering i fag. Elevar som i vg1 eller i vg2 ikkje får halvårskarakter i andre termin og/eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, har ikkje bestått kurset. I følge forskrift til opplæringslova §6-28 må ein elev ha karakteren 2 eller betre i alle fag for å starte på neste opplæringsår. Elevar som ikkje har dette, kan likevel starte dersom det etter ei heilskapleg vurdering er forsvarleg å flytte eleven opp til neste nivå. Eleven må framleis bestå faget/faga for å få vitnemål. Avgjerda om at ein elev kan flyttast til neste nivå på tross av å ikkje ha bestått alle fag, skal gjerast i eit einskildvedtak.

§ 7 Sanksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd

Ved brot på reglementet kan desse sanksjonane settast i verk:

1. Merknad (sjå eigne reglar for merknadar)
2. Påtale frå kontaktlærer, rektor, assisterande rektor eller ein annan tilsett ved skulen
3. Skriftleg åtvaring til elev og melding til føresette til elevar under 18 år
4. Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skadar som eleven er ansvarleg for
5. Bortvising frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen etter rektor si avgjerd (jf. friskolelova § 3.10)
6. Bortvising frå undervisninga for lengre tid enn resten av skuledagen
 - a. Inntil fem dagar (jf. friskolelova §3-10)
 - b. Resten av skuleåret etter vedtak av heimfylket (jf. friskolelova §3-10)
7. Tap av retten til vidaregåande opplæring etter vedtak av heimfylket (jf. friskolelova §3-10)

§ 8 Melding av straffbare forhold

Skulen vil normalt melde straffbare forhold til politiet.

§ 9 Erstatningsansvar

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan eleven og/eller eleven sine føresette bli pliktige til å betale for skaden. Det same gjeld for tap av undervisningsmateriell.

§10 Saksbehandling ved bruk av sanksjonar

Før sanksjonar vert sett i verk (med unntak av merknadar) skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som treffer vedtaket.

I høve til friskolelova §3-10 gjeld og følgjande:

Før det blir gjort vedtak om bortvisning eller tap av rettar, skal ein vurdere å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningsloven. Avgjerd om bortvisning og tap av retten til vidaregåande opplæring er einskildvedtak jf. forvaltningsloven §2. Departementet er klageinstans.

VEDLEGG

KARAKTERAR I ORDEN OG ÅTFERD

Vedlegget er ei utdjuping av ordensreglementet og handlar om merknadsføring i høve til karakter i orden og åtferd.

Karakterar i orden og åtferd skal jf. forskrift til friskolelova §3-5 f givast frå 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring. I orden og åtferd skal då desse karakterane nyttast:

- God (G)
 - vanleg god orden og vanleg god åtferd
- Nokså god (Ng)
 - klare avvik frå vanleg god orden og frå vanleg god åtferd
- Lite god (Lg)
 - i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd

Merknader

Brota fører til merknader etter lista nedanfor. Kontaktlærar skal ha fortløpande oversyn over dette i Fronter. Lista over merknader er laga for å prøve å gi ein mest mogleg sakleg og rettferdig karakter i orden og åtferd

Orden

- forseintkomming til time: 1 merknad
- møtt til time utan å vere førebudd (t.d. ikkje gjort lekse): 1 merknad
- møtt utan nødvendige læremiddel: 1 merknad
- ikkje levert skriftleg arbeid i rett tid: 1 - 2 merknader
- ikkje levert skriftleg arbeid etter fornya frist: 2 nye merknader for kvar frist
- fråvær ei økt utan godkjent grunn*: 2 merknader
- borte frå prøve utan godkjent grunn**: 1 merknad

* ein elev kan likevel ikkje få meir enn 4 merknader per dag for fråvær utan godkjent grunn

** Merknaden kjem i tillegg til merknad for fråvær utan godkjent grunn

Karakter i orden blir sett ut frå ei heilskapsvurdering i lærerteamsmøte. Ein tar utgangspunkt i desse grensene:

God:	0-10 merknader
Nokså god	11 – 25 merknader
Lite god	26 merknader eller fleire

Åtferd

Karakter i åtferd blir sett ut i frå ei heilskapsvurdering i lærerteamsmøte. Ein tar utgangspunkt i registreringar i høve til § 5 i ordensreglementet.

Å levere eller presentere som eige produkt: tekstar, løysning på oppgåver og liknande som er produsert av andre eller lasta ned frå Internett og/eller å fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar, fører automatisk til varsel om nedsett karakter i åtferd. Eleven har rett til å forklare seg.

Eleven skal gjerast merksam på noteringar på åtferd.

Kontaktlærer skal varsle elev og føresette (til elevar under 18 år) dersom eleven står i fare for å få nedsett karakter i orden og åtferd.

ORDENSREGLEMENT FOR INTERNATET

På mange måtar er ein internatskule eit samfunn i miniatyr. Her vil du oppleve å få utfordringar til å bruke evner og anlegg, samstundes som du vil erfare at omsyn og toleranse er viktig. Skulen har som mål at elevar skal få oppleve personleg, fagleg og åndeleg vekst i eit miljø prega av tillit og respekt.

For at eit slikt samfunn skal fungere best mogleg, trengst det visse retningslinjer for korleis den ein-skilde oppfører seg overfor andre medelevar og overfor personalet. Eit godt internatmiljø vert likevel ikkje skapt ut frå reglar åleine, men av kvar einskild si haldning til det å leve saman i eit fellesskap.

Reglane gjeld alle elevar som bur i skulens internat, og dei regulerer tilhøva i internatet og på skulens område elles, utan omsyn til alder dersom ikkje anna er sagt. Reglementet gjeld óg for dei som er på besøk i internatet. Det er styret for Kvitsund Gymnas som har vedteke internatreglementet.

1. Mål

Skulen sitt internat har som mål å tilby elevar ved skulen eit godt butilbod der dei får dekt sine behov for mat, husrom og eit godt og trygt sosialt miljø. Internatet skal gje moglegheit for varierte aktivitetar, men samstundes ro for studiar og privat liv.

2. Internatoppgåver

På eit internat bur mange tett saman, og god orden og godt reinhald er viktig både for helse og trivsel. Som internatelev tek du del i ansvaret for å skape eit reint og triveleg miljø.

a) Reinhold

Eleven held internatrommet sitt reint og ryddig. Internatleiar har høve til å halde regelmessig tilsyn med rommet. I tillegg har eleven ansvar for oppvask, reinhold og orden på fellesrom/areal etter fastsette lister. Dersom oppgåvene ikkje vert utførde til rett tid, leiger skulen ein annan elev til å gjere jobben og trekkjer den ansvarlege frå elevkontoen.

b) Ulike internattenester

Elevane har ulike oppgåver som tener fellesskapet. Kjøkkenteneste, brannvern og vaktmeistertene er døme på slike oppgåver. Dersom elevane ikkje kan møte sjølv, syter dei for vikar. Dersom vikaren ikkje møter, er det personen som står på lista, som er ansvarleg. Eleven vert trekt frå elevkontoen dersom tenestene ikkje vert utførde.

3. Tryggleik og ro i internatet

Skulen har eit ønske og ei målsetjing om at internatet skal vere ein triveleg heim der det er gode bu- og arbeidsvilkår. Elevane må ta omsyn til kvarandre og skape eit inkluderande og utviklande fellesskap. I dette ligg det også å respektere andre sine behov for arbeidsro og kvile slik at den ein-skilde kan møte utfordringar på skulen og i fritida.

a) Sjølvstudie

Det er viktig at alle elevane får den arbeidsro dei treng. Samstundes er elevane forskjellige med tanke på kvar og kva tid dei får studert best. I internata skal det normalt vere mogleg å gjere skulearbeid. Det er stille-sonar i heile biblioteksbygget og i klasseromma i undervisningsbygget. Det er høve til sportslege aktivitetar ute og i gymsalen heilt til 30 min. før innetid / rotid.

b) Innetider, nattero m.m.

Internatet er ein heim for dei fleste elevane på skulen, og det skal vere ro i internatet på kvelds- og nattestid.

Innetid er på dagar før skule (sund.-torsd.) kl 23.00. Før helgedagar er innetid kl. 01.00. Dersom det er undervisning eller prøvar på laurdag, gjeld innetid fredag som vanleg kvardag.

Alle elevar skal etter innetid vere på sine eigne rom før skuledagar, og inne på eigne bygg før helgedagar.

Etter innetid er det ikkje høve til å nytte maskiner og komfyr på kjøkken.

Senger og madrassar skal ikkje flyttast frå rommet.

Om morgonen skal gutar og jenter ikkje gå på fløyene til kvarandre før skulestart (før frukost i helgene).

c) SMS/ melding

Elevar kan melde frå til tilsynsvakta om støy eller anna forstyrrende. Mobilnummeret til tilsynsvakta er: 406 71 104

4. Besøk, reiser og feriar

a) Besøk

Slekt og vener er velkomne til Kvitsund på besøk i helgene. Vi har gjesterom til dette. Dersom ein elev ønskjer å ha gjester som skal overnatte i internatet, har skulen eigne lister (ved matsalen) som dette skal førast på. Den einskilde elev som har besøk står ansvarleg for gjesten sin. Føresette og sysken inntil 16 år betalar ikkje for mat på korte besøk.

Heimebuande Kvitsund-elevar kan vera på besøk i helgene mot betaling, og elles kjøpa måltid så ofte ein vil. Anna overnatting skal på førehand avtalast med internatleiar.

b) Borte frå internatet

Alle elevar skriv seg på førehand ut på eigne lister dersom dei ynskjer å forlate internatet i helgene eller ei natt. Dette er for å kunne svare på spørsmål om kor eleven er, og for å vite kor mange som skal ete på skulen i helgene. Skulen tek for gitt at turar og utflukter er avklart med føresette.

c) Feriar og langhelger

I feriar og langhelger er skulen anten stengd eller nytta til andre føremål kurs/leirar. Elevane har såleis ikkje høve til å opphalda seg på internata. Skulen definerer i skuleruta kva helger som er langhelger.

5. Rusmiddel og tobakk

a) Rusmiddel

Kvitsund Gymnas er ein rusmiddelfri skule. Påviselege verdiar av rusmiddel i kroppen, eller å vere synleg ruspåverka vil føre til reaksjonar sjølv om rusmidlane er inntekne utanfor skulens område. Bruk og oppbevaring av alkohol og narkotiske stoff er forbode. Tomflasker for alkoholhaldig drikk skal ikkje lagrast i internatet. Ved mistanke om oppbevaring og bruk av rusmiddel, kan skulen gjennomføre inspeksjon av rommet og krevje at naudsynte prøvar vert tekne.

Ved fyrste gongs brot gjennom bruk eller oppbevaring av narkotika, vil eleven normalt miste internatplassen for resten av skuleåret. Ved bruk eller oppbevaring av alkohol vil eleven normalt bli utelukka frå internatet i inntil fire helger ved fyrste gongs brot. Ved andre gongs brot vil eleven normalt miste internatplassen for resten av skuleåret.

Bruk eller oppbevaring av vasspipe, og bruk eller oppbevaring av anna brukarutstyr, er heller ikkje tillate.

b) Røyking og bruk av tobakksprodukt

Det er forbode å røyka på heile skuleområdet, med unntak av i røykeskuret i internatområdet. Snusposar skal berre kastast i søppelkorga.

6. Erstatningsansvar og egedelar

a) Egedelar

Elevane har ansvar for å ta vare på det dei sjølve eig. Skulen tilrår elevane å halde romma sine låste. Skulen har ikkje ansvar for tøy eller utstyr som vert skada eller borte ved vask eller på annan måte, eller mat som forsvinn frå felles kjøleskåp. Skulen tilrår elevar (evt. foreldre) å sørgje for å ha nødvendige forsikringar. Alle elevar har tilgang til gode låsbare boder for oppbevaring. Syklar ute bør låsast fast til stativ.

b) Skader

Skader på bygningar og utstyr tilhøyrande skulen, må erstattast. Mindre beløp kan trekjast frå elevkonto, større beløp vert fakturert. (Sjå meir om elevkonto under "Økonomi").

7. Sjukdom

Dersom ein elev må halda senga på skuledager grunna sjukdom, gjev eleven melding om dette til internatleiar innan kl. 08.30 på telefonnummer 406 71 103. Etter kl 15.30, før kl 07.30 og i helgene, må elevane sjølv syta for at tilsynsvakt blir kontakta ved sjukdom på telefonnummer 406 71 104.

8. Helse, miljø og tryggleik

Skulen oppmodar elevane til å vise ansvar slik at dei ikkje set liv og helse på spel. Samstundes set skulen pris på at elevane driv med friluftsliv og andre aktivitetar ute.

a) Brannsikring

Skulen har brannverninstruks (sjå eige punkt), brannvernutstyr og eige brannkorps. Brannverninstruksen er slått opp på kvar fløy, og elevane må gjere seg kjende med han og rette seg etter han. Det er ikkje tillate å dekke til eller misbruke brannutstyr og brannvarslingsanlegg. Dette er alvorleg og vil føre til strenge reaksjonar. Skulen oppmodar elevane generelt om å vise varsemnd ved bruk av elektriske apparat. Levande lys er ikkje tillat i internatet.

b) Turar langs veg og i naturen

Det er mykje trafikk på riksveg 41 ved Kvitsund. Refleks må nyttast ved sykling eller gange i skumring og mørkret på trafikkert veg. Skulen har refleksvestar.

Av omsyn til tryggleiken gjev elevar som legg ut på lengre dagsturar i ukjent terreng, beskjed til tilsynsvakt på førehand.

c) Båt og bading

Ved bruk av kano, kajakk eller båt, og ved bading, gjeld vanlege sjøvett og badevettreglar. Sjå oppslag t.d. på brygga og i båthuset. Redningsvest skal alltid nyttast i kano, kajakk eller båt. Skulens kanoar og kajakkar kan nyttast frå 1. mai til haustferien, frå kl 15.30 til 21.00 (etter frukost på skulefrie dagar). All bruk må førast opp på lister i båthuset før og etter tur av tryggleiksgrunnar. Båtplass til private båtar må avtalast med driftsleiar.

d) Motorkøyretøy

Elevar som har med seg motorkøyretøy skal registrere desse i resepsjonen. Parkering skal berre skje på tilviste parkeringsplassar. Feilparkering kan føre til trekk frå elevkonto.

e) Våpen og fyrverkeri

Elevar som ynskjer å ha skytevåpen på skulen sitt område til jakt eller sport, må ha samtykke frå rektor. Slikt utstyr vert oppbevart forsvarleg i skulens våpenskap mellom bruk. Fyrverkeri skal ikkje oppbevarast eller nyttast på skulen.

f) Husdyr

Av omsyn til helse og hygiene kan elevar ikkje ha husdyr i internatet.

g) Medisinar

Medisinar er personlege og skal ikkje gjevast til andre. Det er strengt forbode å dele medisinar som det er resept på med andre. Skulen delar normalt ikkje ut smertestillande medisin som Paracet, Ibux o.l.

h) Avfallshandtering

I internatet sorterer vi avfall. Alle har eit ansvar for at dette blir gjennomført. Avfall bæres ut til felles innsamlingspunkt av den som er ansvarleg for reinhald av fløya den aktuelle uka, og av kvar einskild frå egne rom.

9. Reaksjonsformer

Ved brot på internatreglementet kan eleven bli innkalla til samtale for vidare oppfølging. Dersom det skjer regelbrot, får eleven alltid høve til å forklare seg før ein set i verk tiltak. Rektor eller den han gjev myndigheit, vel reaksjonsformer etter kor alvorleg brotet/brota er.

a) Mindre alvorlege brot

Ved mindre alvorlege brot på internatreglementet, erstatningssaker og elevkonfliktar prøver ein fyrst å løyse forholdet i dialog med den aktuelle eleven og i samråd med kontaktlærar, internatleiar, sosiallærar og administrasjonen. Rektor eller internatkomitéen kan gje påtale og/eller åtvaring med eventuelt brev heim. Dette gjeld også elevar over 18 år dersom skulen finn det nødvendig. Saker vert vanlegvis handsama i ein internatkomité som består av leiarar/ tilsette ved skulen.

b) Alvorlege brot

Ved alvorlege og svært alvorlege brot på internatreglementet går saka direkte til Rektor eller internatkomitéen som etter samtale med eleven og evt. samråd med sakkunnige avgjer tiltak. Dersom det er aktuelt med utelukking i meir enn ei helg, skal internatkomitéen normalt gje tilråding i saka. Følgjande reaksjonsformer er aktuelle: Inndraging av utstyr for ein periode, interne tiltak, utelukking frå internatet i ein eller fleire helger, eller i inntil 10 samanhengande dagar, eller bortvising frå internatet for godt. Ved utelukking får foreldre/føresette melding. Vedtak om utelukking frå internatet kan ankast til skulens internatråd. Internatrådet er samansett av internatkomitéen og representantar frå styret.

c) Bortvising

Rektor kan etter innstilling frå internatkomitéen vise ein elev bort frå internatet for resten av skuleåret dersom eleven

- er involvert i kriminelle handlingar
- er skuldig i langvarig eller grovt brot på skulen sine internatreglar
- motarbeider eller skapar store vanskar i skulen sitt arbeid for å nå si målsetjing i grunnreglane til skulen
- ikkje betalar for seg etter fastsette planar/avtalar
- skapar store påkjenningar for medelevar eller personalet t.d. grunna alvorlege fysiske eller psykiske vanskar, trugsmål om sjølv mord o.l.

Vedtak om bortvising frå internatet kan ankast til skulens internatråd.

10. Inntak og føresetnader for internatplass

a) Elevar som bur utanom Kviteseid får normalt tilbod om internatplass samstundes med tilbod om elevplass. Kviteseid-elevar kan søkje om og få plass i internatet om det er ledige plassar.

b) Dersom det er oversøking til internatplassar, blir elevar som ikkje kan bu heime p.g.a. for lang avstand prioritert framfor elevar som kjem frå nærområdet og kan bu heime. Dersom det blir naudsynt å prioritere mellom elevar som kjem frå nærområdet, vil dei som har gått lengst på Kvitsund og dei som har lengst reiseveg koma først, etter ei skjønnsvurdering.

c) Kvitsund treng ikkje gi plass på internatet til dei som vil setje spesielt store krav til medelevar og/eller personalet

d) Det er ein føresetnad at dei som bur på internatet fylgjer undervisninga på skulen. Dersom ein elev ikkje har grunnlag for å halde fram som skuleelev, kan eleven heller ikkje bu i internatet.

e) Det er ein føresetnad for internatplassen at skulen får betaling til rette tider.

UNNGÅ BRANN OG SKADE!

Brannverninstruks for alle internatbygningane på Kvitsund Gymnas

- §1** Alle som bur eller oppheld seg i internatet, må vera varsame slik at brannfarlege situasjonar ikkje oppstår. Hugs at brann i internatet kan enda med katastrofe.
- Gå aldri frå strykejarn, kokeplate, steikeovn, vaffeljarn, kaffitraktar eller liknande apparat når dei står på.
 - Det er ikkje tillate med levande lys i internatet.
 - Alt av elektrisk utstyr skal vera godkjent av CE eller NEMKO
 - Kvar elev må passa på at alt elektrisk utstyr på rommet er i god stand. Dette gjeld også utstyr som skulen eig. Pass særleg på leidningar og støpsel.
 - Orden og reinsemd reduserer brannfaren.
- §2**
- Dørene frå trappeoppgangar og inn til korridorar skal vera lukka, og dørpumpene skal vera på. Også dørene mellom fløyene, vindaugo i korridorane og trappeoppgangane skal vera lukka.
 - Korridorane skal alltid vera ryddige slik at gjennomgang ikkje vert hindra.
 - Ljoset skal alltid stå på i korridorar og trappeoppgangar.
- §3** Alle som bur i internatet, må gjera seg kjent med manuell brannvarslar, Rømmingsvegar og brannsløkkingsutstyr. Ein må vita kvar ting er og korleis ein handterer dei.
Ein må læra seg branninstruksen «VED BRANN» så godt at ein veit kva ein skal gjera i tilfelle brann. Branninstruksen skal stå oppslått på alle elevrom.
- Det er manuell brannmeldar på alle fløyer.
 - I Gamlebygget er det brannslange og brannsløkkingsapparat i kvar etasje. Frå balkongane er det branntrapp. På alle elevrom skal det vera ei planskisse som syner rømmingsvegar.
 - I Undervisningsbygget, er det brannsløkkingsapparat på gangen og branntrapp frå balkongen.
 - På Hagebu og Sundbu er det brannsløkkingsapparat, og brannstige frå balkongane.
 - I dei øvrige internatbygga er det husbrannslange og brannsløkkingsapparat på alle fløyer.
- §4** Misbruk av brannvarslingsanlegg og brannsløkkingsutstyr vil føra til alvorlege reaksjonar. Falsk brannmelding er straffbart og kan bli meldt til politi.
Ein må ikkje hengja noko i sprinklaranlegget på Gamlebygget.
- §5** Det vert halde to brannøvingar kvart år. Alle må vera med på desse. Meld frå skriftleg til vaktmeister straks etter øvinga dersom der er ringjeklokker eller anna brannsikringsutstyr som ikkje fungerer.
- §6** Kvar fløy vil så raskt som mogeleg etter skulestart få oppnemnt ein brannansvarleg med varamann av internatleiar. Desse fungerer heile skuleåret. Sjå eigen instruks for brannansvarleg.

Elevhyblar

Det elektriske anlegget på elevhyblane har avgrensa kapasitet. Kjøleskåp, vifteovn, vasskokar, mikrobølgeovn, vaffeljarn mv. må berre nyttast på internatkjøkken og fløystover. Varmeomnar må ikkje tildekkast og fastmontert inventar skal ikkje flyttast.

21.06.2012, HMS-leiar

ORDEN OG REINHOLD

Når så mange bur tett saman, er det viktig både for helse og trivsel at det er god orden og hygiene. Nokre er vane med å ta ansvar for slikt heime, andre er kanskje vane med å stola på at andre ordnar opp. I internatet må alle ta ansvar.

Klede

Skulen har vaskemaskiner og tørketromlar som elevane kan nytta. Les rettleiing før bruk! Skulen har ikkje ansvar for plagg som blir skadd eller blir borte ved vask.

Rom

Romma skal vaskast minst ein gong i veka. Internatleiar held tilsyn med dette. Det er rundvask før jul og sommarferie. Flytt aldri møblar ut av rom utan etter avtale med vaktmeister. Bruk klebemasse når du skal hengja opp ting på veggane. Skadar på rom eller inventar melder du skriftleg til vaktmeister; notèr i perm som ligg på bord ved inngang til matsal. Skade som du er skuld i må du rekna med å godtgjera.

Lufting

Heilt ope vindauge i to-tre minutt gjev full utskifting av lufta på rommet. Gå ikkje frå eit rom med ope vindauge! På Bjørketun/Ospetun/Tunhuset trengst ikkje lufting gjennom vindauget. På desse bygga er det pollenfilter i ventilasjonsanlegget.

Fløya

Oppvask, reinhald og orden går på rundgang mellom dei som bur på fløya. Dekketøy og bestikk som høyrer til på matsalen skal ikkje tas med på fløya. Alt avfall skal sorterast og bringast til dei rette behaldarar ute.

Boder

Små egedelar som du skal lagra, bør du leggja i esker merka med namn dersom dei står i fellesbod. Syklar og ski skal merkast med namn. Herrelause ting vil verta gjevne vekk eller kasta. Dersom det vert rot i fellesbod, skal fløytilitsmann kalla inn til ryddedugnad.

Ute

Skulen ynskjer å ha eit triveleg utemiljø. Kast ikkje søppel ute. Elevane er sjølve med og plukkar søppel når det trengst. Møblar og madrassar skal aldri takast ut av bygga. Bruk liggjeunderlag eller luftmadrassar dersom du treng noko underlag ute.

IT-UTSTYR

Elevane skriv under på ein kontrakt om bruk av skulens datanettverk og trådløst internett ved skulestart. Det er viktig at elevane set seg godt inn i datakontrakten. Undervisninga er pc-støtta, som betyr at elevane kan bruke pc i undervisninga.

Internett-tilgang til elevar i skulebygga, biblioteksbygget og dei fleste internata er tilgjengeleg frå kl. 7 om morgonen til kl. 23 om kvelden utanom visse prøvedagar. Nokre internat har kabla nettverk i staden for trådløst. I desse bygga må det brukast ethernetkabel som elevane kjøper sjølv. Reglar og kontraktar for bruk av datanettverk og internett ligg på Fronter i IKT-rommet.

BIBLIOTEKET

Skulen har eige bibliotek. Der finn du leksikon og andre oppslagsbøker, faglitteratur, skjønnlitteratur og mange tidsskrift. Biblioteket er ope heile dagen fram til 22.30. Du kan vere der for å arbeide med skulearbeid i studietimar og etter skuletid.

Hugs at på biblioteket skal det vere ro. Klasserom 3,4 og 5 kan nyttast til skulearbeid også i fritida. Oppslagsbøkene står på ein stad for seg – på kortveggen mot Gamlebygget. Dei er merka med R på ryggen. Dei skal vere tilgjengelege for alle så dei kan ikkje lånast ut. Alle dei andre bøkene kan du låne. Utlånet er sjølvbetent.

Nye elevar får orientering om bruk av biblioteket på byrjinga av skuleåret.

TRENINGSROM

Gymsalen på Kvitsund er mykje i bruk både i skuletida og på fritida. Alle som er i gymsalen skal bruka innesko, elles vert golvet øydelagt. Det er også klatrevegg i gymsalen. Det er eigen instruks for denne. Styrkerom og badstove er opne på fritida

RÅDGJEVING

Som elev vil du i mange samanhengar ha bruk for informasjon, vegleiing og oppfølging. På Kvitsund er rådgjevinga organisert på denne måten:

- Yrkes- og studierådgjevar: **Åsbjörg Hægeland.**
- Leiar for tilpassa opplæring: **Lisbeth Farmen Aabø.**
- Sosialpedagogisk rådgjevar: **Tove Fjellgaard Johansen.**
- Internat oppfølging: **Ellen Bentsen.**
- Skulefagleg oppfølging: **Kontaktlærarar.**

Denne rådgjevingstenesta samarbeider om å hjelpe elevane til å finna seg til rette i skulekvardagen, utnytte evnene sine og ta gode val knytt til notid og framtid. Dei har også tett kontakt med hjelpeinstansar utanfor skulen når dette er naudsynt.

ØKONOMI

1. Innmelding

Innmeldingspengar skal dekkje administrasjonsutgiftene ved opptak og registrering av nye elevar. Faktura på kr 1000,- blir sendt ut ved opptak og skal betalast inn som stadfesting på at ein tek imot skuleplassen. Det blir trekt frå på fyrste ordinære faktura. Gebyret blir ikkje refundert om eleven vel å ikkje starte på skulen.

2. Elevkonto

Alle elevar betaler eit depositum på kr 1.000,- for lån av skulebøker og som sikring for betaling av skulepengar. Internatelevar må i tillegg betale kr 1.000,- i depositum. Pengane kan gå til dekking av tapt nøkkel, skadar i internatet, mangelfull reingjering av rom, ikkje utførte internatplikter og omkostningar for manglande eller for sein betaling av fakturaer o.l. Depositum blir kravd inn på fyrste giro frå skulen for betaling av skule- og evt. internatpengar. Alle som held fram på skulen, må fylle opp elevkontoen dersom denne er redusert i løpet av skuleåret. Dersom alt er i orden, får elevane pengane attende etter at dei sluttar for godt på Kvitsund.

3. Stipend og lån

Blir du elev ved Kvitsund Gymnas, kan du søkje om stønad (stipend, lån) frå Lånekassa. Orientering blir sendt ut frå skulen. Du kan òg lese om dette på internett: www.lanekassa.no. Her står det kva vilkår og aktuelle satsar som gjeld for det komande skuleåret. All søknad må gjerast på lånekassen sine internettsider. Sjå Lånekassen si "Støttekalkulator".

4. Skule- og internatpengar for skuleåret 2016-2017:

Kvitsund Gymnas er ein kristen friskule og får 85 % av undervisningsutgiftene dekt av staten. Skulepengane dekkjer ein del av dei resterande 15 %. Internatpengane dekkjer utgiftene til mat og husvære. Syskenmoderasjonen er 10 % av skulepengane.

Skulepengar (gjeld alle elevar): kr 21 000,- for heile skuleåret, fordelt på 10 betalningar.
Skulepengar inkluderer obligatorisk utanlandstur i vg3 (Alternativ veke), ekskursjonar, utskrifts- og kopieringskvote, trådløs tilknytning og drikke/frukt i lunsjen m.m.

Internatpengar

Kost: kr 26 900,- for heile skuleåret, fordelt på 10 betalningar.

Tillegg for

- cøliakidiett (for dei som får tilskot frå NAV): kr 1200,- pr mnd.
- Anna diett etter forevist legeattest og avtale med kjøkken: kr 800,- pr mnd.

Losji:

Dobbeltrom m/ bad og einerom u. Bad: kr 34 900,- pr skuleår, fordelt på 10 betalningar.

Einerom med dublett (Ospetun): kr 37 900,- pr skuleår, fordelt på 10 betalningar.

5. Betalingsordningar

For betaling til skulen blir det tilsendt ein faktura kvar månad frå august t.o.m mai månad, ca 3 veker før forfall den 20. Fakturaene blir utsend på e-mail til føresett eller elev etter ynske. Ved betaling må det nyttast KID-nummer for å vere sikker på at betalinga blir godskriven rett person, og for å forenkle regneskapsføringa. Ved manglande eller feil bruk av KID-nummer, vil de bli lagt til eit gebyr på kr 50,- på neste faktura p.g.a større kostnad med slike. Vi oppmodar alle til å inngå AvtaleGiro med banken sin (AvtaleGiro kan du tinge i nettbanken etter fyrst å ha lagt inn ein faktura med KID frå Kvitsund). Ved for sein innbetaling vil skulen krevje purregebyr etter gjeldande offentlege satsar. Skulen kan òg leggje til eit gebyr på 1% pr. påbyrja månad ved for sein betaling. Manglande betaling går til inkasso, og i verste fall kan det medføre tap av skule- og/eller internatplassen.

6. Utmelding

Dersom ein elev vel å slutte i skuleåret, må han/ho betale skule- og evt. internatpengar for 6 – seks – veker etter at endeleg sluttdato er motteken av rektor. Dersom eleven leiger utstyr eller materiell av skulen må heile den avtalte leigesummen/leigeperioden innfriast.

TA MED TIL KVITSUND (gjeld internatelevar):

- **Toalettsaker** og handkle
- **Sengeklede**, dyne, pute, trekk til desse, laken osv.
- **Klede**
- **Vaskeutstyr**, m.a. støv- og vaskeklut, golvklut, vaskemiddel
- **Medisinar** om du brukar. (Paracet, Ibux, litt plaster osv.)
- **Dekketøy** På internata er det tekjøkken, men ikkje utstyr, difor er det greitt å ha med seg noko dekketøy og utstyr.
- **Refleksvest** (for mørke kveldsturar langsmed landevegen).
- **Gymklede**, innesko og utesko
- **Turutstyr**
- **Skiutstyr** (og skeiser for dei som ynskjer) vert nytta i kroppsøvfaget etter jul dersom veret er høveleg.
- I matsalen skal det ikkje nyttast utesko og heller ikkje bare føter. Det er lurt å ta med **innesko** til dette.
- Ta gjerne med **nisteboks** til lunsj
- Romma er møblera. Ta kontakt med internatleiar eller driftsleiar viss du lurar på noko.

SKULERUTE 2016-2017

Månad	Dato	Skuledagar	For tilsette
August	Skulestart: søndag 14. august	13	Nye tilsette tysdag 9. august Planleggingsdagar; 10. 11. 12.
September	Alternativ veke for vg3 i veke 39	22	
Oktober	Hautferie veke 41 (internatet er stengd frå fredag 7. oktober kl 15 til søndag 16. oktober kl 15.00)	16	
November	Foreldredag og skoledag: laurdag 5. november Langhelg torsdag 17. november – søndag 20. november (Internatet er stengd onsdag kl 18.00 til søndag kl 15.00)	20,5	Planleggingsdagar torsdag 17. november og fredag 18. november
Desember	Siste skuledag før jul: onsdag 21. desember (internatet er stengd frå onsdag 21. desember kl 13.00 til måndag 2. januar kl 15.00)	15	
Januar	Første skuledag etter jul: tysdag 3. januar	21	
Februar	Vinterferie veke 8 (Internatet er stengd frå fredag 17. februar kl 15 til søndag 26. februar kl 15.00)	15	
Mars	Foreldredag og skoledag laurdag 4. mars	23,5	
April	Påskeferie f.o.m måndag 10. april t.o.m måndag 17. april (internatet er stengd frå fredag 7. april kl 15.00 til måndag 17. april kl 15.00)	14	
Mai	Fri 1. mai, 17. mai, 25. mai og 26. mai (internatet er stengd frå onsdag 24. mai kl 18.00 til søndag 28. mai kl 15.00)	19	
Juni	Fri måndag 5. juni Siste skuledag fredag 16. juni Avslutningsfest vg3 laurdag 17. juni	11	Planleggingsdagar: tysdag 20. juni Dugnadsdag 19. juni
		190	

